

Forskrift om ordensreglar for Brakanes skule.

Vedtekne i SU 13.juni-2017

1.0- Innleiing

1.1 Bakgrunn:

- a) Ordensreglane er heimla i Opplæringslova § 2-9.
- b) Ordensreglane er laga i samsvar med rundskriv UDir -8-2014.
- c) Ordensreglane er vedtekne av samarbeidsutvalet.

1.2 Føremålet med ordensreglane

- a) Ordensreglane skal hjelpa elevane til å visa god orden og åtferd, og dei vaksne til å rettleia elevane.
- b) Halvårsvurdering i orden og åtferd tek utgangspunkt i kva grad eleven opptre i samsvar med ordensreglane for Brakanes skule.
- c) Ordensreglane er grunnlag for fastsetjing av karakter i orden og åtferd i ungdomssteget.

1.3 Kvar ordensreglane gjeld:

- a) Ordensreglane gjeld ved alle aktivitetar skulen, SFO og kulturskulen har ansvar for, samt på skuleveg og i skulebussen.

1.4 Klassereglar:

- a) Alle klassar skal i tillegg ha eigne klassereglar som presiserer dei delane av ordensreglane som treng utdjupande forklaring i høve til alder og modning.
- b) Klassereglane skal særleg vera til hjelp for å skapa eit læringsfremjande arbeidsmiljø, fritt for uro og mobbing og krenking.

1.5 Du har rett til; (Jfr Opplæringslova §9a).

- a) Eit trygt skulemiljø fritt for mobbing, krenking, diskriminering, vald, truslar.
- b) Ein skule som tek vare på helsa di.
- c) Å bli teken på alvor når du tek opp ting som kan vere problematisk.
- d) Å vera inkludert i det sosiale miljøet på skulen.
- e) Eit skulemiljø som gjev grunnlag for og fremjar læring.

2.0– Slik vil me ha det på Brakanes skule:

2.1 Du viser god orden t.d. slik; (Jfr forskrift til opplæringslova §3-5).

- a) Du kjem presis og godt førebudd til opplæringa.
- b) Du held god orden på skulesakene og bidreg til at det er god orden på skulen og på skuleområdet.
- c) Du tek godt vare på personlege eigendelar og utstyr du har lånt frå skulen.
- d) Du har med utstyr som er naudsynt til skulearbeid og aktivitetar.
- e) Du leverer avtala eller pålagt arbeid innan fastsett tid.
- f) Du viser god arbeidsinnsats, har gode arbeidsvanar.
- g) Du arbeider utan å uroa andre.

2.2 Du viser god åtferd t.d. slik; (Jfr forskrift til opplæringslova §3-5).

- a) Du følgjer beskjedar du får av vaksne.
- b) Du hjelper andre til å vera med i lek og pauseaktivitetar, og respekterer spelereglar og avtalar som fordeler aktivitetane.
- c) Du viser omsyn og respekt for medelevar.
- d) Du viser omsyn og respekt for alle vaksne og gjester på skulen.
- e) Du er høfleg og hjelpsam.

2.3 Dette er faktisk forbode: (Jfr forskrift om miljøretta helsevern i skulen §18, Opplæringslova § 9a-3 og Forskrift til opplæringslova § 12-1.)

- a) Å nytte eller ha med rusmidlar, tobakk eller liknande på skulen.
- b) Å mobbe, krenke, skape ubehag for andre; ved t.d. utestenging, utfrysing, baksnakking, truing, fysiske, voldlege eller verbale angrep på andre.
- c) Å ha med seg leiker/utstyr som kan skade andre på skulen. Utstyr som er laga for å skade andre vert overlete til politiet.
- d) Å bruke sykkel, rullebrett og liknande i skulen/SFO si opningstid. Lærar kan gje lov til dette på temadagar, aktivitetsdagar og liknande.
- e) Å gjera ting som kan skada andre og/eller deg sjølv.
- f) Å juksa eller plagiera på prøver og innleveringar.

2.4 Elles gjeld følgjande:

- a) Elevane skal vera på skulen sitt område om ikkje anna er bestemt.
- b) Kontaktlærar avgjer om og når klasserommet skal vera låst.
- c) Elevane i barnsteget skal til vanleg vera ute i pausane, ungdomsskuleelevane kan vera i vestibylen så lenge det er ro og orden der. Ungdomsskulen kan etter særskild avtale med kontaktlærar også nytta andre rom i periodar.
- d) Ytterklede, hovudplagg og utesko skal plasserast på rett plass i korridoren. Me nyttar innesko eller går på sokkelesten i klasseromma.
- f) Utstyr som er med på å uroa undervisning og læring skal ikkje vera med på skulen.
- g) Mobiltelefonar og liknande skal liggja avslått i sekken når du kjem inn på skulen. Ta av hodetelefon/øyreplugg. Du kan ta det fram når du går ut av skulen att og heim. Skulen er ein mobilfri sone. For ungdomssteget skal telefonen plasserast i mobilhotell. (Ved særlege høve kan lærar gje unntak for dette.)
- h) Elevane frå og med 5. klasse kan sykla utan fylgje av føresette til skulen. Alle som sykklar til skulen skal nytte hjelm.
- i) Me drikk mjølk eller vatn på skulen, og et sunn mat, jf råd frå helsedirektoratet.
- j) Snop, tyggis, brus og andre søtsaker skal av helsemessige og hygieniske grunnar ikkje vera med på skulen/SFO/kulturskulen. Lærar kan gjera unntak i særlege høve.
- k) Kontaktlærar får skriftleg søknad/melding frå føresette når eleven skal vera borte frå skulen, eller når eleven har vore sjuk.
- l) Elevar som skal på øving i kulturskulen, kan etter avtale mellom foreldre og rektor i kulturskulen få venta på skulen når det er heilt naudsynt. Ordensreglane gjeld. Andre elevar skal ikkje bruka vestibylen som venterom.

3.0 – Konsekvensar ved brot på ordensreglane:

3.1 Grunngeving for konsekvensar; (Jfr Opplæringslova §§ 2-9, 2-19)

- a) Alle konsekvensane skal vera slik at elevane forstår kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette.
- b) Eleven skal ha høve til å forklåra seg før det blir teke avgjersle om konsekvensar.
- c) Konsekvensane skal stå i høve til kor alvorleg brotet på ordensreglane er, og bør kome så tett opp til regelbrotet som mogleg.
- d) Eleven skal, om mogleg i samråd med sine føresette, få høve til å gjere opp for seg, be om unnskyldning eller rydde opp i det han/ho har stelt i stand.

3.2 Til vanleg vil ein nytte desse konsekvensane ved brot på ordensreglane; (Alle tiltak unnateke pkt a) vert dokumentert skriftleg, og kopi vert lagt i elevmappa.)

- a) Medsnakk/tilsnakk/rettleiing/irrettesetjing av eleven.
- b) Når dette ikkje hjelper; munnleg melding til heimen/føresette. Lærar lagar eige notat.
- c) Skriftleg irrettesetting / skriftleg melding til heimen. Kopi arkivert i elevmappa.
- d) Når handlingar gjentek seg vil foreldre/føresette/elev verta kalla inn til samtale med kontaktlærar. Referat/oppsummering/avtale i elevmappa.
- e) Pålegg om å retta opp det eleven har påført skulen eller andre. Eleven kan bli pålagt å gjera dette utanom undervisningstida si.

- f) Rusmiddel, tobakk og liknande vert inndrege. Skriftleg melding til føresette, kopi i elevmappa.
- g) Ulovlege rusmiddel vert levert til politiet. Det same gjeld dersom elevar har med seg utstyr som er laga for, eller kan nyttast til å trua eller skada andre, t.d. kniv/slåsshandskar m.m. Skriftleg melding til føresette, kopi i elevmappa.
- h) Mobiltelefon/musikkspelar/leiker m.m. som er i bruk utan særskilt avtale, vert inndregne og lagt på kontoret til kontaktlærer, for henting av føresette når det høver for begge partar. Eleven får høve til å varsle føresette om inndraging av mobiltelefon, med sms. Rektor/ass rektor kan levera ut ein telefon.
- i) Erstatning. Føresett kan bli halden ansvarleg for inntil kr. 5000,- for skader eleven gjer.
- j) Ved brot på skulen sine reglar for bruk av t.d. IKT-utstyr, kan eleven bli fråteken retten til å bruke utstyret for kortare eller lengre periodar.
- k) Summen av, eller alvoret i regelbrota avgjer om ein elev i ungdomssteget skal ha nedsett karakter i orden og/eller åtferd.

3.3 Ved alvorlege eller gjentekne brot: (Jfr opplæringslova §§ 2-10 og 3-8)

- a) Ved mobbing vil ein fylgja skulen sin handlingsplan mot mobbing, og nytte dei konsekvensane som er sett opp der.
- b) Når uønskte handlingar/åtferd ikkje vert stogga/endra av skule/heim sin innsats i lag, vert det søkt hjelp utanfor skulen. (T.d. frå helsesystem, skulelækjar, PPT, BUP, Barnevernstenesta, Lensmannen eller andre faginstansar ein trur kan hjelpa. Dette kan og gjelda dersom eleven over tid ikkje viser fagleg framgang, interesse, gode arbeidsvanar og/eller innsats.)
- c) Elevar som gjer alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglane kan visast bort frå resten av timen eller dagen. Dette gjeld for alle klassesteg. Faglærer kan gjere vedtak om bortvisning for resten av eigen undervisning (inntil 2 klokketimar). Eleven skal då ha tilsyn. Rektor fattar vedtak om bortvisning for resten av dagen. Før vedtak om slik bortvisning vert sett i verk, skal føresette verta varsle.
- d) Ved gjentekne eller alvorlege brot på ordensreglane kan elevar på 8.-10 trinn verta utviste i inntil 3 dagar. Rektor fattar vedtak etter at elev/føresette har hatt høve til å uttale seg.
- e) Lovbrot vert varsle til heimen og meldt til politiet.

3.4 Følgjande tiltak kan ikkje nyttast: (Jfr opplæringslova §2-9)

- a) Fysisk refsing.
- b) Krenkjande behandling.
- c) Kollektiv refsing.

4.0 Andre tilhøve:

4.1 Vanlege sivile lover og reglar gjeld for hendingar som skjer utanom den tida skulen har ansvar for.

- a) Til vanleg vert ein då ikkje ramma av ordensreglane på annan måte enn at elevar kan bli konfrontert med observasjonar og meldingar som er komne inn til skulen – og få høve til å forklara seg. (Om motivet t.d. er hemn mot medelevar eller skule, kan saka handsamast etter pkt 3 i ordensreglane.)
- b) Ei sak som ikkje vert ordna opp i kan bli orientert om til klassar på skulen, for å førebyggja gjentakning og motivera elevane til å hjelpa kvarandre med å velja rette handlingar.
- c) Foreldre kan bli kontakta og orientert om tilhøve skulen har fått melding om.
- d) Dei som melder frå til skulen vert oppmoda om å ta kontakt med aktuelle foreldre sjølve.
- e) Den som mottek ei slik melding vert oppmoda om å lytta godt og tenkja grundig.

Brakanes skule

5730 Ulvik

Tlf.56527400/40007153

Brakanes.skule@ulvik.kommune.no

- f) I særlege tilfelle vil lensmannen/politiet kunne bli varsla. (Ved t.d. hærverk, tilgrising, innbrot m.m.)

5.0 - Klagerett:

5.1 Klagerett er knytt til vedtak om bortvising etter brot på ordensreglane, (jfr Opplæringslova § 2-10 og 3-8), og vedtak om skulemiljøet (jfr Opplæringslova §§ 9a-2 og 9a-3), og fylgjer krava i forvaltningslova, §§ 28 og 29.

- a) Bortvising av elevar i 8.-10.-klasse for inntil 3 dagar. Føresette skal i den grad det er mogleg få høve til å uttale seg før vedtak vert sett i verk. Klagerett eksisterer sjølv om vedtak er sett i verk. Klageinstans er Fylkesmannen, og klage vert sendt via rektor. Bortvising av elevar i 1.-7.-klasse for resten av ein dag kan skje etter at føresette er varsla.
- b) Når det er varsla (frå elev eller føresette) om tilhøve som vedkjem den einskilde og skulemiljøet, heimla i opplæringslova §9a. Dersom ein ikkje er nøgd med vedtaket, eller ein ikkje har fått tilbakemelding om vedtak innan rimeleg tid, har ein klagerett. Klageinstans er Fylkesmannen, og klage vert sendt via rektor.

I begge høve er klagefristen 21 dagar etter at ein er blitt informert om vedtaket.

Vedtak:

Samarbeidsutvalet gjer vedtak om denne forskrifta om ordensreglar ved Brakanes skule i møte den xx/06-2016

Leiar i samarbeidsutvalet

Thor Erling Larsen (s)

Rektor, skrivar i samarbeidsutvalet

Råd er gjeve frå

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-skolen/seksjon?Tittel=del-1-mat-og-4541#>